Årsmelding

for bygdelaget

«SUNNHORDLENDINGEN»

1969



I 17.mai toget i Bergen i år var det Sunnhordlandsbryllup. Her syter kjedlarmann Johs. for at brudeparet: Aase Liv og Arne, ikkje skal tyrste mens dei ventar på startskotet frå Skansen.

BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN i Bergen vart skipa 31/1 1919.

I føremålsparagraffen står det at laget vårt skal:

1. fremje kjennskap og vennskap mellom sunnhordlendingane som bur i eller ved Bergen,
2. vere med å spreie opplysing om den rike kultur- og soge- tradisjonen i sunnhordlandsbygdene,
3. vere til hjelp med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som kjem til Bergen, for kortare eller lengre tid.

Arbeidsformene i laget vårt har skifta ein del ned gjennom åra. For det er slik at tider og folkelynne endrast, og gode gamle Sunnhordlendingen får "danse" med same kven som steller med han. Men det er no so at eit tre som er planta i god jord, og som har fått røta seg skikkeleg, det står om det blæs stormar av det eine eller andre slaget. Og Sønnhordlandslaget vårt hadde ein "barndom" som det verkeleg står vørdnad av. Me kan t.d. nemne den sosiale hjelpa laget ytte i dei 10 første åra det eksisterte. I den tida -det var i 1920 åra- var det mykje tuberkolose rundt omkring på bygdene, det var særleg ungdommen som vart hardast råka. For det første var det skralt med lækjarråder i den tida, men det som mest var like ille, var at det fanst lita og inga økonomisk hjelp å få for dei som vart sjuke. Då var det at karane og kvendene i Sønnhordlandslaget fant ut at dei kunne nytta pengane i lagskassa til eit godt føremål, og tok til å dele med seg av si "overflod" til sjuke ungdommar i Sunnhordland, slik at dei i allfall fekk minska det økonomiske problemet. Dei som stellte med laget vårt i den fyrste tida var flinke på mange måtar, b.l.a. var dei flinke til å få pengar i kassa. Og såleis var det ikkje småsummar dei kunne dele ut til tæring-sjuke ungdommar i Sunnhordlandsbygdene. Hadde dei i den tida i staden nytta desse pengane til å innvistere i ei kaffistove eller liknande, så hadde det vorte ein ikkje ubetydeleg økonomisk arv me hadde fått frå gamle Sønnhordlandslaget. Men det er vel ingen av oss som meiner at desse pengane var feil innvistert. Det er bedre å eiga vørdnad for seg sjølv, enn å eiga gods og gull.
Så idealistiske er me ikkje i dag, me brukar pengane våre på oss sjølve. Men respekten for det gamle laget mister me ikkje, og me freistar så godt me kan å drive laget vårt i den stil og tradisjon som lagssoga vår tilseier. Særleg viktig ser me det å halda god kontakt med heimbygdene våre, og det å skape eit godt miljø for dei nye som kjem til byen. Den viktigaste lagsverksemda for tida er l[illegible]s møta. På desse møta freistar me å få med både skjemt og alvor, me framfor alt satsar me på at dei einskilde skal trivast, at dei skal kunna møta gode vener, at dei skal kunna drøsa og diskutera. Me satsar på at desse medlemskveldane skal aktivisera medlemene.

Sunnhordlendingen er i dag medlem av fyljande lag og samskipnader:

Noregs Ungdomslag, gjennom Hordaland Ungdomslag.

Bygdelagsnemdi i Bergen.

Vestlandske Teaterlag.

F.N. Sambandet.

Teatersentralen.

ÅRSMELDING 1969:

Året 1969 har på mange måtar vore eit aktivt år for Sunnhordlendingen. Viktigaste årsaka til det er sjølvsagt at dette året var jubileumsår for laget. Og den aktiviteten som jubileums-førebuingane førde med seg, viste seg å "smitta" over på dei andre delene av lagsarbeidet. I tørre tall kan me me uttrykkje "framgangen" for Sunnhordlendingen i jubileumsåret 1969 på fyljande vis:
Medlemstallet har auka frå 65 til 120.
Det har vore 11 lagsmøte, 7 festmøte og 10 styremøte. Me har vore 3 gonger på lagstur til Sunnhordland. Dessutan har me hatt 13 tysdagsdansar i Gimle.

I vårterminen var det særleg jubileumstilstellingane som dominerte. Men i tillegg fekk me i oppgåve å vere vertslag for årsmøtet til Hordaland Ungdomslag her i Bergen 19.og 20.april. Haustterminen vart ikkje mindre aktiv. På jubileumsfestane vart me kjende med mange av dei tidlegare aktive i laget, for å få dei med oss på ei tilskiping om hausten og, stelte me til ein haustfest (eller "gubbefest"), som viste seg å verta svært vellukka. Det er berre å vona at det blir ein tradisjon at det "gamle" og "nye" laget samlast til ein slik fest minst ein gong i året. Når fylkestinget var samla her i Bergen i haust baud me ordførarane frå Sunnhordland til gilde i Gimle, der dei fekk hygje seg i uformelt samvær med bygdefolket i Bergen. Av andre posetive ting denne hausten kan me nemne at me fekk vitjing av Fitjar Songlag,som stelte til ein bygdekveld av det gode gamle slaget, med song og musikk, tablå og anna godt programm. Lagsmøta dette året har alle vorte haldne i småsalen i Fensal. Det er endeleg ting å utstje på dette rommet, men me har etter kvart byrja å lika oss svært bra der. Det er ikkje alltid me har hatt så mykje programm på desse lagsmøta, men stemninga og humøret har alltid vore på topp. -- Ei tilskiping utan om det vanlege fekk me vera med på 17.mai, då me fekk i oppdrag av 17.mai nemda i Bergen å stella til eit "Sunnhordlands-bryllup" i folketoget. Det var mykje strev å få det i stand, særleg for Hjalmar Tvedt som måtte skaffe mesteparten av utstyret me trong. Men det var mykje moro med den denne tilstellinga og, sjølv om "Brandvæsenets' blæseansambel" fekk 1. premie for finaste innslag i 17.mai toget i Bergen 1969.

Særlaga våre har hatt bra aktivitet dette året. Sjå melding s.5,6.

Festar, lagsmøte og andre tilstellingar 1969:

12/2: Årsmøte i Gimle. Vanlege årsmøte saker. Ellers orienterte Per Ivarsøy om jubileumstilstellingane.

18/2: Lagsmøte i Fensal. Programm ved medlemene: Agnar Bruntveit, Frode Knutsen, Bjørn Vik, Mikael Helldal og Sebjørn Frøkedal. 30 tilstades. Møteleiar: Sebjørn Frøkedal.

5/3: Teaterkveld til D.N.S., der me såg "Måne for missfarne" av Eugone O' Neill. (Dette stykket var det Vestlandske Teaterlag som sette opp). 28 sunnhordlendingar til stades.

9/3: Sunnaburennet gjekk av stabelen på Kvamskogen. Det var stål ande vær, og mykje spreke sunnhordlendingar å sjå i sporet. Men likevel vart sogningane for sterke for oss denne gongen, og dei vann 2. aksje i Sunnabupokalen.

13/3: Lagsmøte i Fensal. Lektor Andreas Valvatne kåserte over emnet: "Frå Sønnhordlandslaget 1919 - til Bygdelaget Sunnhordlendingen 1969". Ellers var det premieutdeling for Sunnaburennet. 45 tilstades. Møteleiar: Olav Fjæra.

18/3: Festmøte i Gimle. Dette var 1. tilstellinga for å markere 50-års høgtida til Sunnhordlendingen. Program: (1) felespel ved Odm. Dale. (2) prolog ved Valborg Kjærefjord. (3) festtale ved Sigurd Sandvik.(4) pianomusikk ved Bjørn Moe.(5) trekkspelmusikk ved Jon Arne Markhus. (6) spellaget vårt synte fram morospelet: "Kjærringnaud på strilelandet". (7) leikframsyning ved leikarringen vår. 150 tilstades.Møteleiar:Olav Fjæra

22/3: 50-års fest i Hotell Hordaheimen. Festmiddag, festtalar, festmusikk, m.a.o. eit festleg samvære med 80 blide festmenneske. Peder Nilsen Aga var hovudtalar, han tala lenge og godt. A. Valvatne fortalde utdrag frå lagssøga. Det var helsingar og gåver frå andre lag og organisasjonar: frå Hordaland Ungdomslag ved Per Tautra, frå Bygdelagsnemdi ved T.Ljones, frå Nordhordlendingen ved Hermann Olsen, frå Gular ved Einar Myklebust, frå B.U.L. i Bergen også ved T.Ljones. Olav Fjæra overrakte gåver til Andreas Valvatne og Hjalmar Tvedt for verdfult arbeid for laget i jubileumsåret. Per Ivarsøy blei utnemd til heidersmedlem for heilhjarta innsats for laget gjennom dei siste 15 åra.
Musikk sytte Bjørn Moe,og Tittelstads' "onemans-band" for. Med i programmet var også "demokrakken", der den eine etter den andre måtte stå fram og seie si meining om Sunnhordlendingen og andre store verds-problem. Møteleiar:Per Ivarsøy.

17/4: Lagsmøte i Fensal. Olav Fjæra synte film frå Åkrafjorden. 35 tilstades.

19/4: Årsmøte til Hordaland Ungdomslag i Gimle med Sunnhordlendingen som vertslag. Om kvelden skipa me til fest for utsendingane og bygdefolket i Bergen. Program: (1) felemusikk ved spelmannslaget "Fjellbekken".(2) festtale ved skulestyrar Kristian Bakke.(3) mat: rjommegraut og spekemat. (4) trekkspelmusikk

ved Jon Arne Markhus. (5) Rangvald Våge programm ved Conrad Clausen. (6) spellaget vårt var i elden igjen. (7) leik og gamal dans til kl.5 søndagsmorgon. 130 tilstades. Møteleiar: Olav Fjæra.

26/4: Lagstur til Etne.

8/5: Lagsmøte i Fensal. Program ved havforsknings-ekspertane våre: Kåre Lauvås og Sigmund Myklevoll. Dei tok oss med på ein spannande haifiske tur,(med hjelp av film). 40 tilstades. Møteleiar: Sigmund Myklevoll.

17/5: Sunnhordlandsbryllup i 17.mai toget. Me stelte i stand eit "hastverks-bryllup" for å pynta opp i folketoget. Me fekk ikkje 1.premie for finaste innslag i toget, men brurfolket og ein del av fyljet fekk den store æra å sitje på vikingskipet under 17.mai høgtida. Etter på marsjerte me til Hordaheimen, der det vart servert "bryllupsmiddag". Om kvelden held festinga fram på Sunnabu. Organisasjons-sjef: Hjalmar Tvedt.

21/5: Lagsmøte på lagsrommet. Improvisert programm. 25 tilstades.

31/5: Lagstur til Reksteren.

5/6: Lagsmøte på Askøya. Det var hageselskap hjå Marit Tronshaug og Helga Sætevik med mykje moro. Bryggedans og bål, hagedans og mykje skrål, rjommegraut og spekemat, og mykje anna godt på alle fat. 40 (galne) sunnhordlendingar samla på ein stad.

14/6: Lagstur til Fitjar.

Sommarferie, og takk for det.

om

11/9: Lagsmøte i Fensal. Wilhelm Waage kåserte bygdeorginalar og anna bra folk. 40 tilstades. Møteleiar: Olav Fjæra.

18/9: Kurs i Sunnhordlands-springar tek til med Johannes Antun som leiar. Spelemann: Olav Helland. 40 tilstades.

9/10: Lagsmøte i Fensal. Johs. Antun fortalde om folkedansen si soga Dette var samstundes avsluttnigsfest for skeidet i Sunnhordlands-springar. 60 tilstades. Møteleiar: O.F.

23/10: Lagsmøte i Fensal. Ymse program ved medlemene. Lars Olav Tveita synte lysbilete frå ein tur i Jotunheimen. 50 tilstades. Møteleiar: Johannes Lunde.

2/11: Kulturkveld i Gimle. Fitjar Songlag stod for programmet.Song og musikk, folkeliv-bilete, sketsjar, viser og moderne lyrikk. 120 tilstades. Møteleiar: Lars Olav Tveita.

8/11: Haustfest i Fensal. Til denne festen hadde me særskilt bede inn alle tidlegare aktive medlemer i laget. Og det gledelege var at så mange av dei hadde høve til å komma. Det såg ei tid mørkt ut for denne festen, for festtalaren kom ikkje. Men det laga seg likevel. Petter Tjelle var der, og han sytte for programm av både dei eine og andre slaget. Han fortalde stubbar, kåserte og song viser. Han var med oss heile kvelden og stemninga var på topp heile tida. Når dette vart ein så vel-

lukka fest, så er det først og fremst han som skal ha æra for det. Haustfestkomiteen serverte oss aure og mykje anna godt. Festtalaren kom ikkje same kor langt det leid på kvelden, men talar vart det like vel. Ved sida av Petter Tjelle var det Ole Sæbø, Hjalmar Tvedt og Per Ivarsøy som sytte for det. 140 tilstades. Møteleiar: Olav Fjæra.

20/11: Lagsmøte i Fensal. Redaktør Arthur Berg kåserte over emnet: "Kan intligens målast?" 60 tilstades. Møteleiar: O.F.

25/11: Ordførargilde i Gimle. Til dette møtet var ordførarane frå Sunnhordland, samla til fylkesting i Bergen, innbedne som heidersgjester. Desse av ordførarane møtte: Simon L.Rassmusen frå Sveio, Magnus Haugland frå Ølen, Ingvald Gravelsæter frå Etne, Berge Seberg og Ingvald Skålnes frå Kvinnherad, Johannes Heggland frå Tysnes,og Knut Rydland frå Fitjar. Til dette møtet hadde me fått desse til å hjelpa oss med programmet: Salhuskvintetten, Johannes Heggland og Sigbjørn Bernhoft Osa. Så det var ikkje keisamt i Gimle den kvelden. Det vart og tid til ein liten diskusjon med ordførarane, dei var i godt humør og lika seg vist bra blandt bygdefolket i Bergen. 140 tilstades. Møteleiar: Olav Fjæra.

4/12: Lagsmøte i Fensal. Eigil Lehman kåserte om musikk og notesystem. 50 tilstades.

13/12: Jolegilde i Gimle. Spellaget vårt hadde premiere på morospelet: "Kallane i Oladalen". Me fekk rjommegraut og spekemat. Ellers dans og mykje moro til langt på natt. 120 tilstades. Møteleiar: Johannes Lunde.

==========

KUNSTNARLEG: Denne hausten har me innført ein ny programmpost på lagsmøta våre. Det er medlemene i laget som sjølv må stå for denne, den som har denne posten må framføre kunster av det eine eller andre slaget i minst 5.min. Fyljande har hatt ansvar for denne programpost en til dessar.: Arne Onarheim, Lars Bua, Niffe Fjæra, Inge Mike. Helland.

Utsendingar til årsmøtet til Hordaland Ungdomslag sitt årsmøte her i Bergen var: Lars Olav Tveita, Bjørn Vik og Olav Fjæra. På årsmøtet til Vestlandske Teaterlag var Olav Fjæra.

ÅRSMELDING FRÅ SÆRLAGA:

LEIKARRINGEN.

Jubileumsringen som var i arbeid hausten -68, vart tromma saman att i januar. Men det var ujamnt frammøte, så det synte seg å vanskeleg til eit jubileumsprogram. På festmøtet 18.mars dansa me berre "Vestgøtapolka" i pausen. Ellers gjekk me i vår gjennom ein del rekkjedansar, og dei mest vanlege tur- og song- dansar. Øvingskveld var kvar måndag. Hjalmar Tvedt var leiar.---- I haust tok me til med skeid i Sunnhordlands springar. C.a. 40 personar møtte fram til 1. øving. Seinare var det noko mannefall.,men 10-12 par fullførte kurs-

set. Mange av dei dansar i dag svært godt. Leiar for springarskeidet var Johannes Antun.--- Midt i oktober tok me til med vanlege øvingar i leikarringen og heldt fram dei torsdagane det ikkje var lagsmøte, d.v.s: omlag kvar 14.dag. Frammøte var godt, mellom 10 og 20 par kvar gong. På dei 5 øvingskveldane i haust har me gått gjennom 13 musikkdansar og omlag like mange songdansar. To kveldar var det kosetime med mat og kaffi. ---Kjell Matre m.følgje dansa Sunnhordlandsspringar på ordførargildet. Det var einaste framsyninga i haust. -- To av medlemene, Lars Bua og Lars Olav Tveita var på leikleiarskeid på Gullbotn. Sistnemde har vore instruktør i haust. Optimismen er stor i leikarringen,og me reknar med stor aktivitet til våren. Styret 1969 har vore: Lars Olav Tveita (form.), Edel Enes, Elisabeth Fjæra og Solbjørg Tveita.

Lars Olav Tveita.

SPELLAGET.

Spellaget har gjennom 1969 hatt eit eit aktivt år. Spelstykket: "Kjærringnaud på strilelandet", av Sverre Birkeland , vart påemna alt hausten 1968.-med Per Ivarsøy som instruktør. Stykket var ferdig innøvd, og me hadde framsyning i Gimle 18/3 i samband med 50-års høgtida til Sunnhordlendingen. ---19.april spela me på ny stykket i Gimle, i samband med festen Sunnhordlendingen skipa til for utsendingane til årsmøtet i Hordaland Ungdomslag. 26/4 reiste me til Etne, der me hadde framsyning i ungdomshuset. Til Reksteren gjekk turen 31/5. Og den avsluttande finale for dette spelstykket vart halden på Fitjar 14/6. På alle stadene der me synte fram dette stykket, vart me vel mottekne- og det var bra med folk. På samtlige turnear var det dans etterpå. Det kom inn bra med pengar på desse turane, overskotet frå Etne-turen gjekk til Vestlandske Teaterlag. Både i Etne og på Reksteren fekk me låne ungdomshusa gratis. Spelstykket:"Kjærringnaud på strilelandet" har me såleis synt fram 5 gonger i 1969. Desse var med i dette stykket: Anne Tine Astad, Aase Liv Tveita, Brita Lofthus, Inge Mikael Helland og Brynjulf Dalland. Borea Hatlevik overtok for Brita Lofthus 1 gong, og Agnar Bruntveit spela i staden for Inge M. då me var på Fitjar.
På ettersumaren 1969 tok me til å øve på morospelet: "Kallane i Oladalen", av Sigurd Lybeck. Me hadde premiere på dette 13/12 i samband med jolegildet til Sunnhordlendingen. Per Ivarsøy har vore instruktør for dette stykket også. Dei som er med: Wenche Norheim, Gunnbjørg Gundersen, Aase Liv Tveita, Frode Knutsen, Gunnar Frøkedal, Agnar Bruntveit og Brynjulf Dalland. Dette stykket har ein tenkt å syne fram ved seinare høve i 1970. I styret 1969 har desse vore med: Per Ivarsøy, Agnar Bruntveit, Inge Mike.Helland og Brynjulf Dalland.

Brynjulf Dalland.

SKYTTARLAGET.

Laget har som tidlegare hatt 2 tevlingar i 1969: bygdelagstevlinga og lagstevlinga om Sunnabukruset. Bygdelagstevlinga vart halden 14/9 på Bergen Skyttarlags' bane på Nesttun. Kvart lag kan stilla med 8 mann, dei 5 beste tel samanlagt. I år deltok 5 bygdelag. Sognelaget tok 1.aksje i den nyoppsette pokalen med 1063 poeng,men dei var hardt trua av Sunnfjordlaget med 1058 poeng. På 3. plass kom så Sunnhordlendingen med 942 poeng, føre Nordfjordlaget med 915

poeng, og B.U.L. med 796 p. Laget vårt som talde var: Johan Røssland, Kåre Lauvås, Petter Ersvær, Ragnar Spissøy og Samson Bakke. I den klassevise premieringa fekk Samson Bakke 1.premie i kl.3, og Johan Røssland 2.pr. i same klasse.
Lagsskytinga vart halden på same bane 11/10. Deltakinga var betre enn vanleg, men det vart som vanleg mørkt før dei siste var ferdige. Sunnabukruset vart vunne til odel og eige av Samson Bakke. På 2. plass kom Johan Røssland, 3.plassen vart delt mellom Kåre Løvås og Ragnar Spissøy. I styret har desse vore: Samson Bakke, Kåre Løvås, Mikael Helldal og Audun Ersvær.

Samson Bakke.

LAGSHYTTA SUNNABU:

1969 har gått på god gamal vis på Sunnabu. Besøket har ikkje vore så godt som året før, men dei som har vore der har hatt det særs uneleg, så seier dei i allfall.
Det har i år vore 277 overnattingar, og hytta har i år vore utleigd i 5 veker. Dessutan var det mykje gild ungdom som i år høgtida 17. mai, og nyttårshelga på hytta. --- Me har no fått nye madrasser (RAUDE) på lemen, nye vatt-teppe og ny radio. Alt dette kostar pengar, og underskotet på rekneskapen kjem av dette. Kjøkenet har og vorte måla. -- Det har no i fleire år vore snakka om eit soveaneks (GAMLEHEIM) til hytta, og me vonar at hovedlaget har pengar å bevilga oss til dette føremlet på årsmøtet . Styre har i år vore: Frode Knutsen,(form.).Aase Liv Tveita,(kassastyrar). Sebjørn Frøkedal, og Alf Martin Bakke.

Alf Bakke.

SUNNANVIND.

Medlemsbladet Sunnavind har livna til att dette året. Og me har fått utgjeve 9 ordinære nummer, og eit extra nr. Det er ikkje minst Sunnavind å takka at laget har segla i medvind dette året. Med hjelp av dette gjeve "kulturorganet" har me kunna driva propaganda for dei ulike tilstellingane i laget. Og sidan absolutt ingen andre aviser her i landet ("Sunnhordland"innkludert) - er det minste intressert i det som skjer i Sunnhordlendingen, kan det vere bra med eit eige "organ", der me kan få kommetere lagsarbeidet både skjemtsamt og alvorleg.(N.B: Sunnhordlendingen greidde i fjor å feire 50-års jubileum på ein verdig måte, utan at ei einaste avis spanderte ein bokstav på det. Me gratulerer avisene med innstilling og takkar for at me fekk lov å nytte 1000-vis av kr. til lysingar i dei høgtvyrde-kulturorgan.-- Så det er godt me har Sunnanvind å blåse med). Opplaget av S.V. har variert mellom 100 -150, og den er blitt sendt rundt omkring til medlemene og anna bra folk. Redaktør har vore Lars Olav Tveita. Dessutan har Sigmund Myklevoll og underskrivne lagt ned ein god del arbeid for vår kjære:SUNNAVIND.

Olav Fjæra.

Bergen i februar 1970.

Olav Fjæra (formann).


Inge M.Helland, Bjørg Nøstbakken, Aase Liv Tveita, Frode Knutsen.
varaform. kassastyrar skrivar styremedl.

Årsmelding

for bygdelaget

«SUNNHORDLENDINGEN»

1970



LAGSHYTTA SUNNABU

ÅRSMELDING 1970

Enno eit driftsår er ute, og vi skal på nytt setja opp status for eit kverve år. Sunnhordlendingen har dei siste åra sigla i medvind, og aktiviteten siste året har så visst ikkje lege til atters for dei føregåande, noko som skulle gå klårt fram av oversynet over dei ymse tilstellingar og aktivitetar laget har stått for i året som gjekk.

Medlemstalet er no 115, og frammøtet på lagsmøte og festar har vore svært godt. Dei fleste lagsmøta har vore i Fensal, 4. høgda. Som oftast har vi ikkje satsa på dei store artistane på desse møta, men i størst mon nytta eigne krefter. På denne måten vonar vi å innarbeida eit heimleg og uformelt miljø, og ved det prøva å underbyggja føremålsparagrafen til laget: "Laget skal fremja kjennskap og vennskap mellom sunnhordlendingane som bur i eller ved Bergen."

Laget er no med i desse samskipnadene:

Noregs Ungdomslag, gjennom Hordaland Ungdomslag.
Bygdelagsnemnda.
FN-sambandet.
Vestlandske Teaterlag.
Teatersentralen.

Eides trio, med Steffen Eide (trekkspel), Steinar Vangdal (gitar) og Olav Helland (hardingfele), har vore trufaste spelemenn på alle lagsmøta.

FESTAR, LAGSMØTE OG ANNA 1970.

ÅRSMØTE I FENSAL. Vanlege årsmøtesaker.

Dans i Gimle.

Leikarringen ga framsyning på Attføringsinstituttet.

Kurs i Rørospols tek til i Fensal. Kurset gjekk over fire øvingskveldar. Instruktør var Ivar Sjelvan. Olag 70 sunnhordlendingar har frå då av beherska denne vakre dansen.

26/2 Lagsmøte i Fensal. Studentviseklubben "Niklus" vitja oss med mange gode viser. Frammøtte: 40. Møteleiar: Åse Liv Tveita.

3/3 Dans i Gimle.

5/3 Denne kvelden hadde sogningane bede oss inn til lagsmøtet sitt i Gimle. Dei sterke venskapsbanda mellom Sunnhordlendingen og Sognalaget blei yttarlegare styrkt.

8/3 Sunnabumeisterskapet på ski. Mange topptrena idrettskvinner og menn stilte til start. På grunn av tekniske vanskar vart rennet dessverre ikkje overført i fjernsynet. Sunnabumeisterinne og meister vart: Åse Liv Tveita og Olav Kvernenes.

12/3 Lagsmøte i Fensal. Høgtideleg premieutdeling for Sunnaburennet, (det einaste rennet der alle får premie.) Frammøte: 50. Møteleiar: Olav Fjæra.

17/3 Dans i Gimle.

2/4 Lagsmøte i Fensal. Tryllekunstnaren Atle Larsen synte oss løgelege kunstar. Elles synte Kjell Matre film der vi fekk sjå oss sjølve i aksjon i og ikring Sunnabu. Kunstnarleg ved Liv Olsen.
Frammøte: 60. Møteleiar: Åse Liv Tveita.

4/4 Spellaget vitjar Øystese. Kvemmingane synte stor godhug for aktørane frå Sunnhordland.

9/4 Lagsmøte i Fensal. (2. høgda.) Denne kvelden hadde vi vitjing av elevar frå Fana Folkehøgskule. Desse elevane meistra både song- og lesekunsten til fulle. Mellom mykje anna godt synte dei oss eit program om negrospirituals.
Frammøte: 140. Møteleiar: Lars Bua.

14/4 Dans i Gimle.

22/4 Teaterkveld. "Like for like."

25/4 Vårfest i Fensal. Festkomiteen hadde lagt ned eit stort arbeid, så det vanta verken på åndeleg eller lekamleg føde. Av programmet må nemnast: Kåseri ved Willi Mjånes, sang ved Ingjerd Bjørndal og Gunnar Frøkedal.
Frammøte: 50. Festleiar: Agnar Bruntveit.

28/4 Dans i Gimle.

6/5 Spellaget vitjar Vinnesvågen. Også austevollingane gav stor fagnad til dei to ulukkelege kallane i Oladalen.

12/5 Dans i Gimle.

14/5 Amatørkonkurranse i Fensal. Vår eiga Ingjerd Bjørndal gjekk til topps i klassen sin. Deretter sa ho farvel til Sunnhordlendingen og reiste til Oslo for å bli "proff".

21/5 Lagsmøte i Fensal. I naturvernåret måtte vi sjølvsagt ha eit naturvernmøte. Lagsmannen og naturvernekspertene Mikal Heldal utmåla ikkje særleg lyse framtidsutsikter for oss. Elles ga Frode Knudsen oss nye smakebitar på ho alltid like populære Emma.
Frammøte: 50. Møteleiar Åse Liv.

27/5 Spellaget vitjar Vestlandsheimen. Publikum fann mange nye "point" ved stykket som tidlegare publikum hadde vore for ukritiske til å oppdaga.

30/5 Spellaget vitjar Reksteren. Trass i iherdig journalitisk verksemd frå skrivaren si side har det ikkje lukkast å få noko tilfredstillande svar på korleis rekstrakrabbane tok mot kallane, eller om det elles hende noko som burde vore offentleggjort under turen.

3/6 Teaterkveld. "Arsenikk og gamle kniplinger".

4/6 Bedriftsomvisning. Vi såg oss om i butikk og verkstad til Elisabeth Fjæra & Co.

6/6 Spellaget m.m. vitjar Solheim. Omlag 30 sunnhorlendingar nytta det nydelege veret til denne utflukta. Alle var storleg nøgde med ferda.

10/6 Tur til Oksen. Sommar - sol - piker - sang. Vidare kommentar skulle ikkje vera naudsynt.

17-21/6 Internasjonalt folkedansgilde i Bergen. Sunnhordlendingen var mellom laga som stod bak arrangementet. Høgdepunktet var nok gildet i Håkonshallen laurdag 20. juni. Mange sunnhordlendingar hadde då funne vegen til den trauste kongshallen.

23/6 Tur til Våge med spelstykket.

2-5/7 Årsmøte i NU i Seljord. Omlag 15 sunnhordlendingar fann vegen til Seljord. Mykje gjevande å ta med seg heim att.

1/9 Dans i Gimle.

9/9 Lagsmøte i Fensal. (2. høgda). Vi hadde henta forsterkningar frå Bondeungdomslaget. Liv Rysjedal med opplesing saman med Bjørn Erik Jensen på tussefløyte førte oss saman inn i tusse- og andre merkelege verder.
Frammøte: 50. Møteleiar Åse Liv.

15/9 Dans i Gimle.

24/9 Lagsmøte i Fensal. Alle storhende i Sunnhordlendingen siste året passerte revy på filmduken. Kjell Matre hadde mellom anna fått "foreviga" både lagstur og årsmøtestemna i Seljord. Elles høyrde vi visesong ved Olaug Fjellstad.
Frammøte 55. Møteleiar Åse Liv.

29/9 Dans i Gimle.

5/10 Teaterkveld. "Den politiske kandestøber".

8/10 Lagsmøte i Fensal. Privat film er populært i Sunnhordlendingen. Denne gongen var det Olaf Fjæra som trollbatt oss med vakre bilete på filmduken - desse var då sjølvsagt frå Sunnhordland. Astrid Tungeland let oss lyda til den vakre songrøysta si.
Frammøte: 50. Møteleiar Lars Bua.

13/10 Dans i Gimle.

22/10 Lagsmøte i Fensal Den alltid like opplagte bladstyraren i "Gula Tidend", Per Håland, kåserte om laust og fast i sprudlande ordlag.
Frammøte: 75. Møteleiar: Åse Liv.

27/10 Dans i Gimle.

5/11 Lagsmøte i Fensal. SVEIOKVELD.

Sveiobuen synte denne kvelden slikt initiativ og gjøglarglede, vel avbalansert med passe dosar alvor, at enkelte andre bygder har velgrunna frykt for å missa hegemoniet sitt i laget. Her var kåseri og lysbilete ved Willy Mjånes, visesong ved Stanley Jacobsen og kåseri ved Sigmund Myklevoll.
Frammøte: 85. Møteleiar: Lars Bua.

7/11 Haustfest i Gimle. Maten var heimefiska og heimelaga aure. Ved bordsetet heldt lektor Hertzberg festtalen. Elles fekk vi høyre talar av sunnhordlendingen kjendisar som Peter Ersvær og Hjalmar Tvedt.
Frammøte: 100. Festleiar: Olav Fjæra.

10/11 Dans i Gimle.

11/11 Teaterkveld: "Gamle Winckels testamente".

19/11 Lagsmøte i Fensal. Ingen sunnhordlandingar hadde enno teke vegen til Hollywood. Førebels var dette siste høvet til å bli oppdaga. Helge Nordvik synte film av oss sjølve på haustfesten. På lysbilete fekk vi sjå korleis Lars Olav Tveita og andre hadde det i sommarferien.
Frammøte: 65. Møteleiar: Åse Liv.

24/11 Dans i Gimle.

3/12 Lagsmøte i Fensal. BINGO.
Frammøte: 55. Møteleiar: Lars Olav Tveita.

8/12 Dans i Gimle.

12/12 Julemøte på Sunnfjordheimen. Med forventning i blikket storma sunnhordlendingane Sunnfjordheimen. Lokalitetane synte seg ideelle for vårt føremål. Mange lemer nådde slike høgder at dei ut frå prestasjonane sine burde hatt namnet sitt med i årsmeldinga. Av plassomsyn må dette likevel utgå. Her skal berre nemnast talar av Marit Håland og Lars Olav Tveita. Visesong ved Karin Kristoffersen. Ymse løgelege julemoro.
Frammøte: 60. Festleiar: Arne Onarheim.

1971.

14/1 Lagsmøte i Fensal. FITJARKVELD.

Fitjarbuen satsa på revansj over sveiobuen. Dei hadde henta til byen Fitjarkulturen i eigen person, Magnus Hardeland. Han kåserte om førearbeidet for Håkonarminnet. Utanom dette fekk vi vakker opplesing ved Signe Tveita, og Grethe Haaland fekk utrulege tonar av eit umuleg piano.
Frammøte: 65. Møteleiar: Åse Liv.

19/1 Dans i Gimle.

28/1 Lagsmøte i Gimle. Lars Olav Tveita og Olav Kvernenes har siste sommar våga seg opp i det høge nord. Etter at Olav Kvernenes har synt lysbilete og fortalt frå ferda over Finnmarksvidda, er det mykje som tyder på at andre sunnhordlendingar vil gjera dei ferda etter.
Frammøte: 65. Møteleiar Lars Bua.

2/2 Dans i Gimle.

3/2 Teaterkveld. "Hår"

Styret har i år vore Lars Bua nestformann, Arne Onarheim skrivar, Inge Mikal Helland styremedlem, Gunnbjørg Bruntveit kasserar, Åse-Liv Tveita formann.

Arne Onarheim.

SPELLAGET

For spellaget har 1970 vore eit bra, travelt og aktivt år. "Kallane i Oladalen" som var eit morospel i 4 vendingar av Sigurd Lybeck var ferdig innøvd og hadde premiere på julemøte til Sunnhordlendingen i Gimle 13/12 1969. Instruktør for stykket var Per Ivarsøy.

På ettervinteren 1970 tok ein så til å reisa på turnear med spelstykket. Fyrste framsyning hadde laget i Øystese 4. april med dans etterpå. Til Vinnesvågen gjekk turen den 6. mai, også med dans etterpå. 27. mai vart spelstykket

framsynt på Vestlandheimen, Åsane. Same veka, den 30. mai reiste skodespelarane til Reksteren og spela i ungdomshuset med dans til slutt. Til Solheim i Masfjorden reiste spellaget laurdag 6. juni. Her var det såkalla gjesteturne og spelstykket vart framsynt i samfunnshuset. Med på denne turen var også leikarringen. Elles var det gjesteturne til Våge på Tysnes, Sankt Hans afta den 23. juni. Dette vart også avsluttande finale på spelstykket.

"Kallane i Oladalen" hadde dermed vore framsynt i alt 7 gonger. Spelstykket vart vel motteke alle stader det vart framsynt, og samla helst bra med folk. Med på dei ymse turane var det også alltid ein god del lagsfolk som var hjelpsame med å tilretteleggja og selja billettar. Med var også alltid våre faste spelemenn med fele, trekkspel og gitar. Med unntak av Vestlandsheimen, Solheim og Våge på Tysnes, var alle dei andre framsyningane tilskipa av bygdelaget Sunnhordlendingen. Dei som spela i "Kallane i Oladalen" var: Wenche Norheim, Gunnbjørg Gundersen Bruntveit, Åse Liv Tveita, Frode Knudsen, Gunnar Frøkedal, Agnar Bruntveit, Brynjulf Dalland. Marit Tronshaug og Inge Mikal Helland har ved ymse framsyningar overteke for andre spelarar.

Styret i Spellaget i 1970 var Gunnar Frøkedal, Brynjulf Dalland, Agnar Bruntveit og Gunnbjørg Bruntveit.

For Spellaget

Brynjulf Dalland.

ÅRSMELDING FRÅ LEIKARRINGEN

Leikarringen har stort sett hatt eit bra arbeidsår i 1970. Med einskilde unntak har det vore øving dei torsdagskveldane det ikkje har vore lagsmøte. Frammøtet har vore bra og har stort sett lagt mellom 15 og 30 personar. Ein del dansar frå førre året er blitt repeterte, og mange nye dansar, både songdansar og musikkdansar, er blitt tekne opp. Instruktør har vore Lars-Olav Tveita.

Ringen har skipa til to kurs. 2. februar starta eit kurs i Fensal med Ivar Skjelvan som instruktør. Det var omlag 80 kursdeltakarar. I oktober/november hadde me så kurs i leik og dans for byrjarar. Leiar var Anbjørg Fadnes og ca. 35 betalte kurspengar.

Vi har hatt to framsyningar, den eine i februar på Bergen attføringsinstitutt og den andre i juni i Solheim i Masfjorden. I Solheim stod Sunnhordlendingen som tilskipar for programkveld med dans, og saman med spellaget stod ringen for programmet.

Status for rekneskapen syner ein aktiva på 990 kroner.

Trugen og god spelemann for ringen gjennom året har Olav Helland vore.

Med i styret for leikarringen i 1970 har vore:
Ingebjørg Leitet, Eva Waage, Lars-Olav Tveita, Atle Vikøyr.

A. Vikøyr.

SKYTTARLAGET

Laget har i 1970 avvikla lagstevlinga om Sunnabukruset og delteke i bygdelagstevlinga.

I bygdelagstevlinga på Nesttun 20. sept. hadde me fått med 3 nye namn, og den eine, Terje Åse, var ikkje snauare enn at han vann individuelt og fekk gylt medalje på 231 p.

Sunnhordlendingen kom på ein god 3. plass, hårfint etter Sunnfjordlaget.

Sognalaget vann som vanleg, også fenne gongen på ny rekord 1114 p. Laget vårt var:

Terje Åse, Ove Larsen, H. Naterstad, Kåre Lauvås og Samson Bakke. Individuelt fekk Terje Åse 1. pr. i klasse 4, Ove Larsen 1. pr. i klasse 2 og Hermod Naterstad 2. pr. i kl. 1.

Lagstevlinga vart halden på same bane 4. oktober. Deltakinga var heller skral, men det nyoppsette Sunnabukruset vart vunne av Ove Larsen på den gode poengsummen 186 p. På andre plass kom Kåre Lauvås og tredje Ragnar Spissøy.

I styret har vore: Kåre Lauvås, Ragnar Spissøy og Samson Bakke.

Samson Bakke.

LAGSHYTTA SUNNABU

Atter ein gong har hytta vår "Sunnabu" synt seg å vera ein triveleg stad, både i feriar og helgar. Kva er no grunnen til det tru?. Kanskje er det det fine skiterrenget rundt hytta, eller er det for di maten smakar så godt der oppe, eller er det kanskje på grunn av den romantiske stemningen hytta fører med seg. Vel, noko er det, for også i år har det vore ca. 300 overnattingar, og dessutan har hytta vore utleigd i fleire veker.

I år har det også foregått store ting der oppe. Den såkalla gamleheimen har fått ein avløysar, i eit nytt fint tilbygg med 3 soverom. Roma er godt utstyrt med vask, speil og mykje anna, f.eks. 21 knaggar til å hengja klær på. Så roma skal visst vera berekna på folk med mykje klær på seg.

Så får me då berre håpe på at gamle og nye medlemer får atter eit godt og triveleg år på hytta på Kvamskogen.

Styret i år har vore:
Åse Liv Tveita, Aud (Hendriksbø) Vikøyr, Atle Vikøyr, Alf Bakke og Frode Knudsen.


Frode Knudsen.

ÅRSMELDING

for bygdelaget

„SUNNHORDLENDINGEN"

1971



FRÅ SUNNABU

ÅRSMELDING 1971

«Sunnhordlendingen» har no avslutta det 52. arbeidsåret. På mange måtar har dette gått inn i rekkja av dei betre åra i lagssoga, ialle høve kva medlemstalet angår. Sjølv om den nedovergåande tendensen frå førre året har halde fram også i dette året, så har vi også i år mest hundre lemer. Dette er mellom dei høgaste medlemstala laget har hatt.

Frammøtet på lagsmøta og på festane har vore godt. Vi vonar difor at programma på lagsmøta har kunna gjeve noko av kvart, sjølv om ikkje alle interesser har kunna vorte nok tilgodesett. For desse vonar vi at det komande året vert betre. Av og til har vi «innført» underhaldningskrefter», men ofte har vi og satsa på dei krefter laget sjølv rår over. I føremålsparagrafen står det at: «Laget skal fremja kjennskap og vennskap mellom sunnhordlendingane so bur i eller ved Bergen.» Dette meiner vi å leva best opp til ved å prøva halda på eit uformelt og heimleg miljø.

I styret har siste året vore:

Willy Mjånes (formann)
Aase-Liv Tveita (nestformann, første halvår)
Inge Mikal Helland (nestformann andre halvår)
Anne Karin Lunde (kassastyrar)
Arne Onarheim (skrivar)
Sigurd Heggelund (styrelem)

Laget er no tilslutta desse samskipnadene:

Noregs Ungdomslag
Bygdelagsnemndi
FN-sambandet
Vestlandske Teaterlag
Teatersentralen

Eides trio, med Steffen Eide (trekkspel) Steinar Vangdal (gitar) og Olav Helland (hardingfele), har vore trufaste spelemenn på dei fleste lagsmøta.

LAGSMØTE, FESTAR o.a. 1971

11/2 Årsmøte i Fensal, vanlege årsmøtesaker. Dette årsmøtet er det som har vorte snøggast avvikla av alle årsmøte i den nyare soga åt laget. Etter at saklista var ferdig, var det god tid tli kaffikos og ein svingom.

25/2 Lagsmøte i Fensal. Denne kvelden dukka det opp ein ny komet eller kanskje vi heller bør kalla det ei stjerne, på den frå før så stjernestrødde sunnhordlendinghimmelen. Stanley Jacobsen var namnet, og såvel karen sjølv som røysta og gitaren hans fekk laget både denne kvelden og seinare mykje glede av.
Frammøte: 45. Møteleiar var Willy Mjånes.

11/3 Lagsmøte i Fensal. Vi har aldri vorte vonbrotne når vi har henta underhaldningskrefter frå Bergen lærarskole. Slik og denne gongen. Trond Solstad framførte «Fanitullen», medan Gunnar Stubseid spela hardingfele til. Malmfrid Martinsen med visesong, utgjorde det kvinnelege innslaget. Dansemusikken var og importert frå lærarskulen denne kvelden og vart framført av Fagerheim og Nybø. Frammøte 60. Møteleiar Willy Mjånes.

16/3 Dans i Gimle.

21/3 Sunnaburennet. Samstundes var det landskamp mot sogningane. Som vanleg var dette høgdepunktet for alle med sans for god idrott. Eit karakteristisk glimt frå løpet slik ein av dei aktive sunnhordane opplevde det: «Det var då fælt kor mange sogningar som brølar løype!» Den tragiske sanninga gjekk fyrst opp for han noko seinare. Det var same sogningen som passerte fleire gonger. Kven som vann landskampen? Nei, det har vi faktisk gløymt, men vi vart nr. 2 og sogningane nestsist.
Sunnabumeister: Olav Kvernenes.
Sunnabumeisterinne: Gunnbjørg Skålevik.

25/3 Lagsmøte i Fensal. Brannsjefen i Bergen, Toralf Moe, fortalde om spanande opplevingar i brannmannsyrket. Ellers var det premieutdeling for Sunnaburennet, rennet der ein reklamerer med: Einaste skirennet i verda der alle får premie.
Frammøte: 60. Møteleiar var Willy Mjånes.

30/3 Dans i Gimle.

17/4 Vårfest. Sunnhordlendingane sprang ut på mange måtar. Dei sprang ut or vinterdvalen som dei til no hadde lege i, og dei sprang ut or byen, ut til Sunnfjordheimen på Grimstadneset. Her var det vårblot etter det mystiske, men mykje omtykte sunnhordlendingritualet. Frammøte: 50. Festleiar var Marit Håland.

22/4 Lagsmøte i Fensal. Denne kvelden hadde vi endeleg fått storsalen i Fensal slik at spellaget skulle få syna kva dei hadde fått ut av vinterkveldane. Og det var ikkje lite, og dei hausta då stor og fortent fagnad for framføringa si av «Pengemakta», eit morospel i to vendingar. Brynjulf Dalland som var spelande instruktør hadde gjort godt arbeid, men så hadde han god assistanse av talentfulle folk som Oddvar Haugsbakk, Frode Knudsen, Solveig Vik, Gunnar Frøkedal, Rune Søreide og Aslaug (Lervik) Knudsen. Frammøte 50. Møteleiar var Willy Mjånes.

27/4 Dans i Gimle.

6/5 Lagsmøte i Fensal. Underhaldning ved lemene sjølve, og Willy las novella «Ein tjuv, ein tiggar og ein flokk rettferdige». Frammøte 40. Møteleiar var Willy Mjånes.

11/5 Dans i Gimle.

27/5 Lagsmøte på Selsvik. Bondeungdomslaget var imøtekomande, og let oss innta utferdsstaden deira, Selsvik. Denne ligg særs vent til ved Kalandsvatnet. I den fine vårkvelden vart det ei gjevande utferd med bål, dans i friluft samt natur- og andre opplevingar. Musikken sto Fagerheim & Nybø frå lærarskulen for. 35 lemer var med, og møteleiar var Willy.

3/6 Tur til Oksen. Okse-turen 1970 hadde gjeve meirsmak. Lite tyder på at turen i 71 gav avsmak.

9/9 Lagsmøte i Fensal. Dette var fyrste lagsmøtet etter sommarferien, og vi var ikkje lite spente på frammøtet. Det synte seg at alle gamle- og mange nye sunnhordlendingar hadde funne vegen til Fensal, og humøret var på topp. Tidlegare rektor ved Fana Folkehøgskule, Kristian Bakke, kåserte om laust og fast på sin lune måte. Frammøte 75. Møteleiar var Willy Mjånes.

14/9 Dans i Gimle.

23/9 Lagsmøte i Fensal. Litt lokalsoge har sunnhordlendingane berre godt av. Denne gongen var det Austevoll vi fekk høyra om. Meir nøyaktig var det om bygdeboka for kommunen. Johan Tufteland

var mannen so mkåserte, og at han etter kvart fekk møtelyden med seg er det inga tvil om. Frammøte 70. Møteleiar Willy Mjånes.

28/9 Dans i Gimle.

30/9 Fotballkamp Sunnfjordlaget—Sunnhordlendingen. Resultat: 6-0. Vi burde ha vunne denne kampen. I alle høve kan opp til fleire av våre spelarar minnast å ha vore borti ballen.

30/9 Lagsmøte i Fensal. Sunnhordlendingane er ingen pyser. Dei dreg til fjells rett som det er, men det å gå lengre fotturar i fjellet er nok diverre heller ukjent for dei fleste i laget. Etter at Svein Træland frå Bergen Turlag synte oss ljosbilete der alle med eigne augo fekk sjå kor fint det er t.d. i Aurlandsdalen eller Stølsheimen er det von om at til sommaren vil ein kunna råka på Sunnhordlendingar på kvar ein sti i fjellheimen vår. Frammøte 50. Møteleiar var Willy Mjånes.

6/10 «Sunnhordlendingen» vitjar «BUL». Alt det gjevaste vi hadde å by på av program skulle fram denne kvelden, så endå om dette var «helaften» vart nok tida i knappaste laget. iV nemner: Opplesing ved Willy Mjånes og Geir Mehammar. Framføring av «Den nye kapellanen» av H. E. Kinck i dramatisert form (nærmast teke på sparket). Grete Håland spela to stykke på piano, og det vart synt film ved Olav Fjæra og Kjell Matre. Møteleiar under programmet var Willy Mjånes.

14/10 Lagsmøte i Fensal. Sambygdingen og Jens Tvedt-kjennaren Martha Omvik las med stor innleving frå ymse av verka til Tvedt. Sigurd Heggelund, som var årsmøteutsending i Trondheim fortalde om inntrykk frå dette. Frammøte 75. Møteleiar, Willy Mjånes.

19/10 Dans i Gimle.

28/10 Lagsmøte i Fensal. Sammøte med Sunnfjordlaget. Møtet bar preg av godt førearbeid. Sægrov gav oss ved hjelp av ljosbilete smakebetar frå Sunnfjord-natur, medan Lars Olav Tveita tok oss med til Sunnhordland. Nistad las «Bygda søv» av Jakob Sande. og Oddvar Haugsbakk og Marit Håland song viser, både sjøllaga og andre. Vi fekk servert betasuppe og deretter kaffi og heimelaga vafler. Frammøte 100. Møteleiar var Sigurd Heggelund.

2/11 Dans i Gimle.

6/11 Haustfest i Gimle. Denne festen går inn i soga som ein av dei STORE i laget. Festkomiteen synte ein uvanleg entusiasme. Dei suggererte frå fyrste minutt festlyden mot uante høgder. Av det

rikhaldige programmet nemner vi prolog ved Solveig Vik, visesang ved Stanley Jacobsen og Oddvar Haugsbakk, kåseri ved Lars Olav Tveita, samt at Oddvar, Terje, Willy og Stanley gav ei musikalsk beretning om det fårefulle livet åt ein HV-soldat. Dessutan sketsjar og moro til langt ut i dei små timar. Og så var det..... men det var etterpå. Mat: Kylling. Musikk: Skoglys duo. Frammøte 70. Møteleiarar var Terje Aase og Oddvar Haugsbakk.

11/11 Lagsmøte i Fensal. Laget vårt har med jamne mellomrom kontakt med folkeskulemiljøet. Denne gongen var det Åsane Folkehøgskule med rektor Knut Garlid i spissen som gjesta oss. Dei hadde mykje godt program, kåseri, opplesing, visesang, korsang o. a. Frammøte 60. Møteleiar Arne Onarheim.

16/11 Dans i Gimle.

25/11 Lagsmøte i Fensal. «Populisme — kva er det?» Dette freista Paulsen frå Populistiske Arbeidsgrupper å gje oss svar på i eit stutt føredrag. Etterpå vart det ordskifte og spørsmål til PAG-folka. Frammøte 40. Møteleiar Willy Mjånes.

30/11 Dans i Gimle.

9/12 Lagsmøte i Fensal. B-I-N-G-O ! Frammøte 40. Møteleiar var Willy Mjånes.

11/12 Julegilde i Fensal. Komiteen satsa på eigne krefter. Dei gav mellom anna urpremiere på stykka «Ein dag på Sunnabu» og «Komitemøte». Av andre innslag kan nemnast visesong ved Oddvar Haugsbakk. Frammøte 35. Møteleiar var Geir Mehammer.

14/12 Dans i Gimle.

1972

11/1 Dans i Gimle.

20/1 Lagsmøte i Fensal. Ettersom dette var det fyrste møtet i eit nytt år freista vi ein presentasjon av laget i von om at ein del nye skulle ha funne vegen til laget. Dette var diverre få, men sjølv for gamle lemer var det mykje moro då Kjell Matre synte film frå Sunnaburennet 1970, og frå turen spellaget hadde til Masfjorden same sommaren. Frammøte 35. Møteleiar, Willy Mjånes.

25/1 Dans i Gimle.

3/2 Lagsmøte i Fensal. Det var reine gysaren Sigmund Myklevoll kom med då han synte oss den bloddryppande filmatiseringa av «Haifiske i Atlanterhavet», der han sjølv hadde ei mindre rolle. Eigentleg var visst dette ein reprise-film i laget, men for mange var det likevel fyrste gongen dei såg denne. Frammøte omlag 30. Møteleiar var Willy Mjånes.

8/2 Dans i Gimle.

10/2 Kosekveld på langsromet. Dette er ei nyskiping, som skal erstatta leikarringen som vi ikkje går i gong før årsmøtet i alle høve. Då årsmeldinga går i trykk før dette møtet, veit vi ikkje noko om utfallet.

17/2 Lagsmøte i Fensal. Denne kvelden vil truleg Salhuskvintetten vitja oss, og vi vonar at mange finn vegen til laget denne kvelden.

Ymse frå året som gjekk.

Litt utanom det vanlege lagsarbeidet har vi ein del ting vi vil taka med i årsmeldinga.

For det fyrste har laget vore representert ved jubileumsfeiringa i Nordhordlendingen og i Gular.

Då Nordhordlendingen runda 50-år vart Sunnhordlendingen invitert til å ta del i feiringa laurdag 22. mai i kaffistova åt Nordhordlendingen. Ingeborg Kraakenes og Willy Mjånes møtte, og sistnemnde helsa frå sunnhordlendingane, og overrakte Nordhordlendingen ei gåve.

Den 2. oktober var det GULAR sin tur til å jubilera. På jubileumsfesten åt 25-års-jubilanten i Gimle, var Sunnhordlendingen representert ved Marit Håland og Lars Olav Tveita. Sistnemnde helsa frå Sunnhordlendingen, og overrakte Gular ein sjekk på kr. 300,— i samsvar med løyvinga på førre årsmøtet.

Dessutan har Sunnhordlendingen i året som gjekk og delteke i arrangement i samband med Bondestemna i mars, og ved Det 4de Internasjonale Folkedansgildet i Bergen, 3.—6. juni 1971.

Den 11/1-72, var så turen komen til Sunnhordlendingen i den programrekkja om bygde- og bondeungdomslaga i Bergen som Bygdelagsnemndi ved Olav Fjæra har fått i stand på lokalsendinga i radio.

Hovudlaget vart presentert av Willy Mjånes, og som særlag hadde vi valt spellaget som Geir Mehammer gjorde greie for.

Etter at det lenge hadde gått tregt med arbeiedt på lagsromet, vart det like før jul for alvor fart i sakene, slik at lagsromet no endeleg såtr ferdig. Eit alle tiders rom har vi fått, og vi retter ei hjarteleg takk til dei som tok del i arbeidet.

Ei særskild takk vil vi og retta til Helge Nordvik for trufast og framifrå arbeid som vakt ved mest alle dansetilskipingane våre i Gimle i året som gjekk. Han har heilt friviljug teke på seg mest alt ansvaret med å skaffa vakter, samt at han sjølv har stått som hovudansvarleg for vakthaldet — ein jobb som ikkje alltid er like hyggjeleg.

Teateret.

Etter førre årsmøtet har Sunnhordlendingen skipa til tre teaterkveldar, med stor oppslutning. I mai 1971 var vi og såg **«Nederlaget».** Det gav ei oppleving vi seint gløymer.

I november var vi og såg **«Kjøkkenet»** av den unge engelske dramatikaren Arnold Wesker. Dette stykket var kanskje ikkje så lett å gripa med det same, men at det var ei framifrå framsyning trur eg dei fleste er samde i.

No i februar var det operette-tid. Det var Johan Strauss d.y.'s evigunge **«Flaggermusen»** som stod på programmet, og skal ein døma etter alle dei som ville ha billett her i laget, så er operette populært i Sunnhordlendingen. Og at denne kvelden var pengane verd trur eg berre det er ei meining om.

Lagsavisa.

«SunnaVind» har blæse friskt i året som gjekk. Den har auka i omfang, og stadig fått nye andletslyftingar. Bladet har kome ut med 16 nr., og har hatt noko av kvart å fortelja både om lagsarbeidet og om einskilde lemer i laget. Bladstyret har vore Jostein Saakvitne (bladstyrar), Lars Olav Tveita, Bjørg Lervik, Solveig Vik, Marie Aaserød og Simund Myklevoll. Dessutan har formannen teke del i arbeidet, og Hans Heie er den fyrste som har vorte knytta til lagsavisa på free lance basis.

Årsmelding frå Sunnabu.

Året som gjekk må seiast å ha rusla avstad på tradisjonelt vis på SUNNABU. Det har vore noko mindre besøk i helgane og i feriane enn i det føregåande året, og dette saman med nedsetjinga

av overnattingspengane på førre årsmøtet, må nok saman bera ansvaret for at posten «overnatting» på rekneskapen syner eit noko dårlegare resultat enn i 1970.

Hytta og uthuset har vorte måla, takstein til tilbygget har vi fått gratis av «Fjellhytten», og desse har ein bore ned til SUNNABU på ømme skuldrar. Brunnen har ein grave opp i ein freistnad på å skaffa brukbart vatn. Frosten kom diverre før dette arbeidet vart ferdig, så no vil det verta spanande å sjå til vinteren når dei djervaste i laget skal drikka ukokt vatn.

Hausten 1970 søkte vi Feriefondet om tilskot til utbygging av hytta, og i mars 1971 fekk vi søknaden innvilga med kr. 1.600,—.

Hytta er frå og med 1/1 1971 forsikra i Hardanger Branntrygdelag med ei kombinert «Hytte/Landstedsforsikring». Forsikringssum: Hytta kr. 65.000,—. Innbu: kr. 33.000,—.

Og så vil vi seia til alle lagsfolk: HYTTA VÅR STÅR DER — BRUK HENNE !

Styret i år har vore: Gunvor Regine Lunde, Aase-Liv Tveita, Arne Onarheim, Frode Knutsen og Alf M. Bakke. Sistnemnde var formann.

Hyttestyret

Årsmelding frå Spellaget.

Spellaget har gjennom 1971 også hatt eit aktivt og travelt år. Ein tok såleis til seinhaustes 1970 og øva på spelstykket «Pengemakta» eit morospel i 2 akter av Alf Drange, og som hadde ei speletid på omlag 70 minuttar. Personane i stykket var på talet 7 og dei som spela var: Frode Knudsen, Solveig Vik, Aslaug Lervik, Oddvard Haugsbakk, Gunnar Frøkedal, Brynjulf Dalland, Rune Søreide. Instruktør for spelstykket var Per Ivarsøy.

Etter å ha øvd spelstykket inn på 4 månader, hadde spellaget tur til Vestlandsheimen den 24. mars -71, der det var premiere. Laurdag 27. mars reiste så spellaget og ein del medlemer frå laget på tur til Tørvikbygd, Hardanger, der det var framsyning av spelstykket og dans etterpå. Til Vinnesvågen gjekk turen den 8. mai, med framsyning og dans etterpå. Avsluttande finale for spelstykket «Pengemakta» vart på Reksteren, i ungdomshuset 5. juni med dans etterpå. Spellaget hadde elles med på turane Stanley Jacobsen. Han song og spela gitar i pausane og før framsyningane.

Spellaget hadde elles framsyning og programkveld på eit av lagsmøta til Sunnhordlendingen i Mai, som vart halde i Fensal, storsalen.

Sumerar ein etter dette opp spellaget sin aktivitet frå januar 1971 til juni 1971 syner dette at det i alt har vore 5 framsyningar på spelstykket «Pengemakta».

Frå juli tok så spellaget fellesferie til ut på haustparten då nye krefter overtok. Formannen i spellaget Brynjulf Dalland som då hadde innehatt dette vervet alt frå hausten 1968, sa frå seg formannsvervet.

Hovedlaget fekk då Geir Mehammar til (ny formann og) instruktør for spellaget frå hausten 1971.

Då Spellaget hausten 1971 freista å samla seg til arbeid med eit nytt oppsett, synte det seg at ikkje berre Brynjulf Dalland, men også fleire andre av dei faste «støttespelarane» fann å måtte trekkja seg frå aktiv innsats. Ved påmelding, teikna 14 lagslemer seg på Spellaget si liste, men berre ein 4—5 av desse såg seg høve til å kunna ta på seg rolle-oppgåver.

Det vart halde ei rad møter frametter i hausthalvåret, der ein m.a. drøfta kva slag stykke ein skulle velja. Med tanke på turné-framsyningar med dans etterpå, fann ein å måtta satse på komedie/lystspel-forma. Alle bokhandlarar i Bergen vart oppsøkte og ein del spelstykke-manus innkjøpt, men ingen fall heilt i smak. Ut frå dette freista ein så arbeidsforma «gruppeteater» der skodespelarane gjennom samarbeid og øvingar byggjer ut både teksten, manus og spelet på scena.

Eit resultat av denne arbeidsforma var programmet på julegildet til SHL 11/12-71.

Medlemer frå spellaget framførte dessutan ei dramatisering av «Den nye kapellanen» av Hans E. Kinck — då Shl. hadde programmet på eit møte i B.U.L. i Fensal.

Dei som ved utgangen av 1971 er aktivt med i spellaget, er også mykje opptekne med anna lagsarbeid, og det er uvisst om dei maktar å fullføra det gruppeteateropplegget som var planlagt, eller om dei må gå over til eit stykke med ferre roller og ferdig manus. Kontakt med Vestlandske Teaterlag har gjeve von om eit betre manuskript-utval og støtte i arbeidet framover i vårsemesteret.

Skyttarlaget.

Laget har i 1971 som vanleg delteke i bygdelagstevlinga og avvikla lagstevlinga om Sunnabu-kruset.

I bygdelagstevlinga vart det også i år ein 3. plass. Som vanleg vann Sognelaget på ny rekord, denne gong med 1115 poeng.

Laget vårt var: Terje Aase, Ove Larsen, Hermod Naterstad, Kåre Landås og Samson Bakke. Individuelt fekk Terje Aase beste plassering med 1. pr. på 15 skudd i kl. 4, og Hermod Naterstad 2 pr. i kl. 2.

Lagstevlinga var i år den 25. sept. på eBrgen Skytterlags bane på Nesttun. 8 mann stilte til dyst der Hermod Naterstad vann på den fine poensum 199 p. 2. plassen gjekk til S. Bakke og 3. plass til Ove Larsen.

I styret har vore: Kåre Lauvås, Terje Aase, Samson Bakke og Ragnar Spissøy.

Samson Bakke

Studienemnda.

Med i nemnda har vore Kari Aarebakke, Kåre Vierdal og Terje Aase. Nemnda hadde konsittuerande møte i mars, og valde då T. Aase til formann. Me sette oss føre å setja igong ein eller fleire studieringar, men fann det best å venta til hausten, då denne årstida nok høver betre for slike aktivitetar.

Etter å ha innhenta opplysningar om tilbodet frå dei ulike brevskulane, tok me saka opp på lagsmøte. Ein studiering på 5 deltakarar kom i gong, og ringen har i alt hatt 7 møte kringom hjå deltakarane. Emnet for ringen var «Jus i kvardagen», og alle gav uttrykk for at møta hadde vore svært vellukka. Ein vonar difor at fleire vil nytta seg av tilbodet i studiegruppa i tida som kjem. Når ein slik brevring er avslutta, vert halve kursavgifta betalt attende av staten.

Terje Aase

Leikarringen.

Torsdag 16. mars 1971, var styret i leikarringen samla. Dei som møtte var Atle Vikøyr, Marit Håland, Vigleik Tjoflot og Anne Karin Lunde. Atle iVkøyr vart vald til formann, Anne Karin Lunde vart skrivar og kasserar, Marit Håland vart styrelem og V. Tjoflot vart varamann.

I vårhalvåret hadde me 8 øvingar med Hermann Olsen som instruktør. Det var bra oppslutning om desse øvingane, ofte opp til 8—10 par. «Sunnhordlendingen» vart spurd om å senda 2 par til folkedansgildet i Gøteborg 11.—16. august. Diverre var der ingen gutar som hadde høve til å reisa, men to av jentene, Marit Håland og Solbjørg Tveita, drog avgarde. Etter det rykta vil ha det til hadde dei ein mykje gild tur, og representerte laget på ein framifrå måte.

I haust har leikarringen hatt 5 øvingar, og også no var me så hepne å få Hermann Olsen til å instruera oss. Diverre var frammøtet heller dårleg, med bere ein 4—6 par kvar gong. Framtida for leikarringen tykkjest difor heller uviss, særleg no når ikkje H. Olsen kan halda fram som leiar. Vi vil likevel takka han for den framifrå hjelp han har gjeve oss i året som gjekk. Olav Helland,

den alltid like trufaste spelemannen vår må vi heller ikkje gløyma, vi takkar også han for innsatsen i året som gjekk og vonar framleis å høyra og sjå meir til han og fela hans i året som no ligg framføre oss. Dessutan er det å seia at leikarringen ikkje har hatt framsyningar i det siste året, då det har vore uråd å samla par.

Turnemnda.

Då trunemnda i året som gjekk nærmast må seiast å ha vore på blåbærtur, er det ikkje stort meir å seia om dette emnet, ja, bortsett for betre tur i året som kjem.

Boktrykk, Bergen

ÅRSMELDING

for bygdelaget

„SUNNHORDLENDINGEN"

1972





VESTLANDSKE SALSLAG **GILDE**

PRAN & TORGERSEN

ÅRSMELDING 1972

Eit nytt arbeidsår i bygdelaget "Sunnhordlendingen" er slutt; det 53. i rekkja. Det som særmerkjer dette året, er dei mange giftarmåla i laget. Kor vidt desse Amor's merittar har hatt nokon innverknad på arbeidet i laget, skal det ikkje verta sagt noko om her. Det er likevel ikkje til å koma utanom, det leie faktum, at "Sunnhordlendingen" i året som gjekk har segla i motbør. Tendensane til nedgang i medlemstalet, som har synt seg dei par siste åra, har vorte endå tydelegare i 1972. Medlemstalet pr 31 desember 1972 var såleis 85, mot 98 i 1971 og 115 i 1970. Grunnen er nok i det vesentlege at ny-rekrutteringa har vore dårleg, medan den "naturlege" avgangen frå år til år held seg på omlag det same nivå.

Verre er det kan henda at laget no også har store økonomiske vanskar å stri med. Dette set tronge grenser for lagsarbeidet, og vanskeleggjer styret si oppgåve.

Nytt for året er det at laget vårt frå hausten av gjekk inn i eit samarbeid med dei andre bygdelaga i Bergen om ein del sams tilskipingar. Dei laga dette gjeld er forutan "Sunnhordlendingen", "Nordhordlendingen", "Sognalaget" og "Sunnfjordlaget". Ein har på dette viset mellom anna freista med sams lagsmøte i Gimle kvar torsdag, og sams dansetilskipingar same stad kvar tysdag. Røynslene frå dette første halvåret har vore både og, men ein tek likevel sikte på å halda fram med samarbeidet ennå ei tid.

Elles har "Sunnhordlendingen" også i 1972 lagt storparten av lagsaktiviteten til Fensal, og vi vil i denne samanhangen nytta høvet til å takka vaktmeister Bremnes m/frue for venleg og godt samarbeid.

Stutt oppsummert har laget i 1972 skipa til: 8 lagsmøte og festar, vår- og haustfest medrekna. 3 småsalmøte, 17 sams lagsmøte + julegilde saman med dei andre bygdelaga, der "Sunnhordlendingen" har stått for programmet 4 gonger. Dertil kjem 4 dansetilskipingar åleine, og 20 dansetilskipingar saman med dei tre andre laga. I tillegg kjem særlagsaktivitetane.

Styret har vore: Solveig Vik (formann), Sigurd Heggelund (nestformann), Anne Karin Lunde (kasserar), Willy Mjånes (skrivar), Kjell Matre (styremedlem). Varamann med møteplikt har vore Olav Kvernenes.

"Sunnhordlendingen" sto i 1972 tilslutta desse samskipnadene:

Noregs Ungdomslag gjennom Hordaland Ungdomslag, Bygdelagsnemndi i Bergen, FN-sambandet, Vestlandske Teaterlag, Teatersentralen.

FESTAR, LAGSMØTE O. A. 1972

24/2. <u>Årsmøte i Fensal</u>

Vanlege årsmøtesaker med langdrygt ordskifte og vanskar med å finna nye tillitsmenn i laget. Ettersom valnemnda ikkje hadde hatt lukka med seg i å få nokon til friviljug å ta på seg formannsvervet, tok dette lang tid og vart ei

vanskeleg sak. Under sterkt press, men mykje mot hennar eigen vilje, vart sistpå Solveig Vik vald til formann for 1972. Frammøtet var lite å ropa hurra for, berre vel 30 røysteføre lemer hadde gjort seg umaken verd å møta fram.

29/2. Dans i Gimle

2/3. Skotårsfest

Litt forseinka smelte "jentutn" til med ein skotårsfest som det gjekk gjetord om lenge i laget, minst i fleire veker. Ja, det vart eit arrangement som kunne ta pusten frå nokon og kvar, og fridomen frå endå dei siste ungersveinane i laget (om slike framleis fanns på denne tid då). Komiteen var samansett av Niffe, Gunbjørg, Marit, Solbjørg, Ingeborg og Kari. Stort sett sto desse tiltaksrike damene for programmet sjølve, og dei hadde sanneleg litt av kvart å fara med. I tillegg hadde dei importert Olaug Fjellstad frå "Nordhordlendingen", og ingen skal skulda henne for å ha lagt nokon dempar på humøret med visene sine. Musikantane denne kvelden var eit nytt bekjentskap for laget, men dei gjekk "rett inn" for "full musikk" kan ein trygt seia. Staden var Fensal, og omlag 100 frammøtte fekk full valuta og meire til for den skarve tiaren dei laut ut med. Beste møtet i 1972 ?????

9/3. Lagsmøte i Fensal

Nok ein gong var det eigne krefter ein laut lita på. Oddvar sto for det kunstnarlege innslaget, og elles tok ein med takk mot alle improvisasjonar. Songkor blei starta og oppløyst på flekken, og kapellmeister hr. førstesekretær Willy fann aldri korkje takt eller tone. Bra stemning men lite folk, og diverre ingen nye fles mellom dei omlag 35 frammøtte.

14/3. Dans i Gimle

23/3. Lagsmøte i Fensal

Fyllingsdalen Husmorlag vitja oss med song og musikk og massevis av godt humør. Dessutan fekk vi Haugesunds Avis på vitjing. Dei ville gjerne vita litt om laget og aktivitetane der. Resultatet av dette vart at vi fekk ei heil side i avisa på palmelaurdagen. Men frammøtet var dårleg: omlag 35.

11/4. Dans i Gimle

13/4. Vitjing på Havforskningsinstituttet

Dette arrangementet kan vi takka Kåre og Sigmund for i alt vesentleg, og opplegget skorta det ikkje på, men (som vanleg?) derimot på frammøtet. Berre omlag 35 stk nytta høvet til omvising i Akvariet saman med ekspert. Etterpå var det film om fiske og forskning på pigghå, og kaffi og dans (diskotek) i kantina på Havforskinga.

22/4. Vårfest i Fensal

Våren blei ynskt velkomen med nysprotte bjørkeris, og store ris- og kjøtgryter. Kjell viste film frå påskehelga på "Sunnabu" 1972, og for det meisterstykket blei han straks nominert til Oscar-prisen. Dansen gjekk lystig til god musikk, og etterkvart kom der bortimot 60 festglade folk, endå om bortimot sneiset av dei mest trufaste lagslemene ikkje var å sjå. Ein god del vener frå andre bygdelag stakk innom denne kvelden.

25/4. Dans i Gimle

4/5. Lagsmøte i Fensal

"Sunnhordland i år 2000" - dette var mottoet for "gubbekvelden" i "Sunnhordlendingen", og ingen tvilar lenger på at "gubbane" i laget kan laga moro (har nokon tvilt på det forresten?). Noreg og Sammarknaden var eit aktuelt emne som gav grunnlag for ein glimrande sketsj både i innhald og framføring. Oljesjeik Ivarsøy gav oss ein del perspektiv for landsdelen vår under det komande "oljeeventyret", og først av alt innleidde Wilhelm Waage med eit sprudlande kåseri. Frammøte omlag 75. Møteleiar var Petter Ersvær.

25/5. Lagsmøte på Sunnfjordhytta, Grimstadneset

Dette var avslutninga på vårhalvåret, og vi tok flukten ut frå byen til våreventyret ute i naturen. Rektig råflotte var vi med reker til matrett. Elles hadde Arne fått i stand ei lokal utgåve av "Fleip eller Fakta" med konkurrerande dame- og herrelag, og rare ord fekk vi verta kjende med. Som vanleg var det dans etterpå, og omlag 50 hadde funne vegen ut til Grimstad.

12/9. Dans i Gimle (saman med Nordhordlendingen, Sognalaget og Sunnfjordlaget)

19/9. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

21/9. Sams lagsmøte i Gimle

Sognalaget sto for programmet med spelstykket "Sumarliv på Nepeplassen". Få sunnhordar observert på møtet.

26/9. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

28/9. Sams lagsmøte i Gimle

Nordhordlendingen synte spelstykket "Doktor mot sin vilje", men diverre få interesserte sunnhordar.

28/9. Internt lagsmøte i Storsalen i Fensal

I samband med det skeidet leikarringen heldt i september-oktober hadde ein denne kvelden skipa til ei hyggjestund for kursdeltakarane der, og andre lagslemer tok del. Vi hadde vore heldige og fått visesongarane Jan Eggum og Sverre Ingstad frå vise- og lyrikklubben "Askeladden" til å vitja oss, og så var det mat og kaffi og leik og dans. Pålag 60 var tilstades.

3/10. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

5/10. Sams lagsmøte i Gimle

"Sunnhordlendingen" hadde ansvar for programmet som var reprise på "gubbekvelden" frå mai, om "Livet i Sunnhordland i år 2000". Diverre fekk ein ikkje med fullt mannskap frå den gongen, men det gjekk bra likevel. Verre var det at det heller var få lemer frå vertslaget som hadde "gidda" å gå. Omlag 70 var møtte fram, og Ersvær leidde programmet.

7/10. Haustfest i Storsalen i Fensal

Festen opna med allsang av ein alldeles flunkande ny song dikta av to komitelemer. Festleidar Willy helsa velkomen og Anders Kåre Engevik las så morosoga "Han skaut hardt" av Jon Austbø. Det vart servert pølse og potetstapp, og

JØRGEN SOLBERG

Michael Krohnsgt. 19 - Tlf. 29 86 93

Vel assorterte daglegvarer.

Reservert

Lat oss sei det slik:

Tysnes er den beste plassen i alle fall om sumaren.
Når du kjem stikk innom. Me har også ein triveleg kaffe.

KJELL BREKKE
Kolonial - Frukt - Grønsaker og Landbruksartiklar.

pølsa fall tydeleg i smak, men så var ho nå direkte importert frå Sunnhordland også, nærare bestemt frå Sunde. Deretter gjekk det slag i slag med sketsjar og anna moro, og fleire "taktfulle" kilometrar blei tilbakelagde på dansegolvet. Kaffi og kaker vart servert, og stemninga var fin. Musikken sørgde Mjelde & Lohne for, og stor lukke gjorde deira medbragte moromann som synte seg å vera både tryllekunstnar og framifrå Ingrid Espelid-tolkar. Dekoratørane Engevik og Eli Eikeland må elles nemnast særskilt for framifrå arbeid som laga ei finfin rame om tilskipinga. Omlag 85 frammøtte fekk truleg noko att for inngangspengane, kr. 25,-. Komite: Ingebjørg vik, Eli Eikeland, Kari Fedt, Anders Kåre Engevik, Terje Åase og Willy Mjånes, som fekk god hjelp til servering og anna av gode vener og lagslemer som skal ha takk for strev utan at ein skal omtala dei med namns nemning.

10/10. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

12/10. Fotballkamp på Slettebakken

Erkerivalane "Sunnfjordkameratane" og"Sunnhordland United" tørna denne råkalde og haustmørke kvelden saman i "årets hardaste eventyr", og som tidlegare var sunnfjordingane "gnitne" på måla, slik at vi berre fekk 0 - null - (som sist). Vi er likevel på rett veg og er ikkje lenger så rause som vi eingong var (ein må tuta med dei ulvar som ....o.s.b.), ein merka tydelege innstramingstendensar (tiltak etter folkerøystinga, kanhenda?). Likevel gav vi sunnfjordingane 4 mål (mot 6 sist). Problemet vert nå å finna ut kva år vi klarar 0 - 0 og så spelar vi neste kamp då. Trass i dette fine resultat vil ikkje dei 12 eidsvorne menn (vi hadde innbytar) verta nemnde med namn då vi ikkje likar å framheva oss.

12/10. Sams lagsmøte i Gimle

Sunnfjordlaget sto for programmet med Førde-kveld. Få sunnhordar vart observert på møtet.

17/10. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

19/10. Sams lagsmøte i Gimle

Sognalaget sto for programmet.

24/10. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

26/10. Sams lagsmøte i Gimle

Nordhordlendingane som sto for programmet gav oss ei skildring av Jugoslavia-turen dei hadde hatt i sommar.

31/10. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

2/11. Sams lagsmøte i Gimle

"Sunnhordlendingen" som sto som vertskap hadde fått i stand eit vise- og lyrikkprogram som Olav Fjæra leidde. Garman frå lærarskulen song viser av ulike slag og Mary Sandvik framførde ei rekkje folkeviser, regler og stev og sto nok kunstnarleg i ei klasse for seg med si klokkeklåre røyst og humørfylte framføring. Dessutan hadde ein vore så heldig å få tak i det siste diktar-emnet frå Sunnhordland, tysnesingen Sigbjørn Heie som i år debuterte og fekk fin omtale i m.a. "Dagbladet". Han las opp fleire eigne dikt, og Willy Mjånes las to dikt av Ivar Orgland. Frammøte til slutt ca 60 - 70.

UTRYDDING AV SKADEDYR

A.S. CYTOX
Amalie Skramsvei 2



7/11. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

9/11. Sams lagsmøte i Gimle

Sunnfjordlaget hadde her skipa til Flora-kveld.

14/11. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

14/11. Internt lagsmøte i Fensal

"Gift - Ugift". Dei mange nygifte i laget skulle skipa til denne kvelden for å syna dei ennå urøynde korleis det er å vera gift, truleg for "ligesindede til afskye og til skræk". Om dei lukkast? Ser ikkje slik ut - giftedilla i laget held fram så fylg med i neste årsmelding. Grunnen: kanhenda fordi så få fann høve til å nytta si "nådetid"?

16/11. Sams lagsmøte i Gimle

Sognalaget sto for programmet.

21/11. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

23/11. Sams lagsmøte i Gimle

Nordhordlendingen sto for programmet.

28/11. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

30/11. Sams lagsmøte i Gimle

Ennå ein gong var det sunnhordane sin tur til å stå for programmet, og denne kvelden hadde ein overlete oppgåva til spellaget som hadde lagt opp til fleire bra sketsjar o.l. Diverre hadde ein arbeidd altfor lite med stoffet så ein sakna den fine "flyten". Medverkande: Ingebjørg Vik, Kari Fedt, Bjarne Kaarstad, Oddvard Haugsbakk, Solveig Vik, Sigurd Heggelund. Willy var programleidar. Frammøte ca 50.

2/12. Julegilde i Gimle

Også dette var ei sams tilskiping med dei andre bygdelaga, men færre enn 10 sunnhordlendingar tok del i festen. Solveig Vik, Kåre Tronshaug og Trude Aas representerte laget i komiteen.

5/12. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

7/12. Sams lagsmøte i Gimle

Program ved Sunnfjordlaget som skipa til Naustdal-kveld.

12/12. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

LAGSMØTE O. A. 1973

23/1. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

25/1. Sams lagsmøte i Gimle

Program ved Sognalaget.

30/1. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

30/1. Internt lagsmøte i Fensal

Under tittelen "Ovtru og anna tru" kåserte A.K. Engevik om hekseri, heksebrenning og svartebøker i gamal tid. Etterpå synte han ljosbilete frå heimbygda Sævareid, både i eldre og nyare tid. Halldor Tveit spela til dans, men før den tid hadde vi sett i oss svære kvanta av Anne Karin og Ingeborg sine heimebaka boller. Frammøtet var heller dårleg, omlag 35.

Du møter alltid kjentfolk på

KAFFISTOVA TIL ERVINGEN
Torgegaarden, Strandkaien 2

God og rimeleg mat i trivelege lokale.

GIMLE
Kong Oscarsgt. 18

Møterom for større og mindre tilskipingar

KLÆR OG SKO - - -

f r a

DAGNY

SKÅLEVIK LANDHANDEL

FITJAR - TELEFON 13 B

1/2. Sams lagsmøte i Gimle

Program ved Nordhordlendingen: "Trolldom og fanteri".

6/2. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

§ 8/2. Sams lagsmøte i Gimle

"Sunnhordlendingen" er vertskap og har fått lovnad frå B.U.L. på spelstykket deira, "Eld i hjartekrå" av Torvald Tu.

§ 13/2. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

§ 15/2. Sams lagsmøte i Gimle

Sunnfjordlaget skipar til Jakob Sande-kveld.

§ 20/2. Dans i Gimle (S. N. S. & S.)

§ 22/2. Sams lagsmøte i Gimle

Ved underhaldningsavdelinga i Sognalaget.

Tilskipingar merkte med § går etter at årsmeldinga er sendt til prenting.

.....og så nytt årsmøte den 27 februar 1973.

ÅRSMELDINGAR FRÅ SÆRLAGA OG ANDRE TILTAK 1972/1973

Leikarringen

Det nye styret for leikarringen hadde i vår ingen ring å ta over. Dei gamle travarane var gått lei. Derfor gjekk våren med til å planleggja, og i september braka det laus. Kurs i gamaldans med over 80 betalande dansarar, det vitnar om stor interesse for folkedansen. Instruktøren Elin Ytterstad skal ha mykje av æra for at kurset gjekk så knirkefritt - det var stappfullt på golvet, men ho heldt hovudet kaldt.

Etter kurset hadde vi lova gratisøving ein gong i veka fram til jul. Dermed var leikarringen etablert på nytt. 7 øvingskveldar fekk vi tid til før juleavslutninga med kaffi og kaker. 10 - 15 par har møtt opp trufast kvar gong, vi har repetert turdansane frå kurset, øvd inn fleire, og tatt med dei vanlegaste songdansane, i alt 15 - 16 turdansar og 10 - 12 songdansar. Instruktøren Lars Olav har hatt god hjelp av Gunnbjørg, Kjell og Anne Karin. Desse fire har vore styre i leikarringen i 1972.

Leikarringen har praktisert indre sjølvstyre med separat økonomi. Den reviderte rekneskapen balanserer med kr. 3117,52, aktiva pr 31/12 er kr. 446,52 mot den vi hadde pr 1/1-1972, kr.577,52.Ei øving kostar kr. 95,- + instruktørløn (kr. 0,- (null) - kr. 50,-). Skal vi vera sjølvberga, må vi anten driva kurs, eller la leikarane betala eit par kroner pr øvingskveld, gjerne begge deler. Med den store interessa som vi har registrert mellom dei unge, med god PR og med "sunne forretningsmessige prinsipp" kan det drivast leikarbeid i Sunnhordlendingen. Sjølv om få av dei aktive er fødde sunnhordlendingar, vil dei kunna gi ei hyggjeleg fornying av medlemsstokken, av hyttegjengen og av særlagsaktivistane i ein "down"-periode for laget.

SUNNHORDLAND PLANTESKULE

Johs. Helland
Valevåg
Telf.: 22 Valevåg

På Torget fredag og laurdag vår og haust. Skriv etter katalog.

Tysnes Sparebank

Uggdalseidet
Filialkontor Vaage, Tysnes
Banken skipa 1863

Forvaltningskapital *kr. 36 000 000,—*
Eigne fond *kr. 1 000 000,—*

Greider med vanlege bankforretningar
Bankboksar til utleige for oppbevaring av verdepapir
Set du pengane dine i bygdebanken, stør du arbeidsliv og tiltak i bygda di

MØBLAR — BØKER

Leif Helland

Svingen. Tlf. Tysnes 30

MANUFAKTUR — SKOTØY

Til slutt må Olav Helland få eit avsnitt for seg. Som "vår" spelemann er han veteranen i leikarringen. Då eg kom med i 1967, var han alt fast inventar. Det har svært mykje å seia for ein leikarring og eit lag å ha sin eigen spelemann. Som julegåve spela han gratis til oss på siste leikøvinga før jul. Takk for godt spel og godt humør.

L.O.T.

Skyttarlaget

Aktiviteten har vore som før om åra, og det er avvikla det vanlege programmet.

Skytinga om "Sunnabukruset" vart halden på Nesttun den 16/9, dagen for bygdelagstevlinga. Her sigra igjen H. Naterstad på 195 p. S. Bakke vart nr 2 og T. Aase nr 3 på same poengsum, 190 p.

I bygdelagstevlinga fekk me diverre ikkje fullt lag med skyttarar som etter reglane har lov å delta (berre 2 ifrå 4. klasse). Men med dei 5 som var med hadde me lagt heilt i toppen i år.

Svale Naterstad vart best av våre, 2.plass samanlagt og sølvmedalje, 4.plass blei det på S. Bakke.

H. Naterstad vann både "klassen" og "10-skoten" i klasse 3.

I 4.klasse vann S. Bakke "klassen" og Svale Naterstad kom på delt 2.plass.

Dei som var med var: H. Naterstad, S. Naterstad, T. Aase, H. Djuvsland og S. Bakke.

I styret har vore: T. Aase, H. Naterstad og S. Bakke. Varamann: K. Lauvås.

Samson Bakke

Spellaget

Også i år har det vore rørsla i spellaget, men diverre gjekk det ikkje så bra med spelstykket som ein hadde vona.

28 februar 1972 starta innøvinga av "Friarleiken", eit morospel i 3 akter av Klaus Lavik. Aktørar var Solbjørg og Sigurd Heggelund, Solveig Vik, Ingebjørg Vik, Hans Torleif Kjellesvik, Oddvard Haugsbakk og Geir Mehammar. Sistnemnde var også instruktør. Sidan ein kom så seint i gang, vart det kjørt med opptil 3 øvingar i veka. Med så mange øvingar i tillegg til annan aktivitet i laget, kan det knapt seiast at aktørane låg på latsida.

Spelstykket var så godt som innøvd då det tok til å rakna. Feriane byrja, og etter dei var det uråd å få samla alle aktørane att. Både Geir Mehammar og Hans Torleif Kjellesvik forlet Bergen, så det vart uråd å få setja opp dette stykket.

På eit felles lagsmøte i haust mellom Nordhordlendingen, Sognalaget, Sunnfjordlaget og Sunnhordlendingen stod spellaget for programmet.

Ein har freista å verva nye medlemer i spellaget og aktivisera gamle lemer, men få har synt seg interesserte. Aktiviteten i spellaget har derfor vore svært liten siste halvåret.

Med i styret for spellaget 1972 var Solbjørg Heggelund, Solveig Vik, Hans T. Kjellesvik og Oddvard Haugsbakk, sistnemnde som formann.

Hotell Hordaheimen
C. Sundtsgt. 18. Telf. 23 23 20

Kaffistova til Bul.
Torget 1. Telf. 21 22 10

Lagshuset FENSAL

Kg. Oscarsgt. 15. Telf. 23 21 18

Er du med i eit lag som har bruk for rom til møte eller fest, med eller utan servering, so ring Fensal.

Skal du treffa kjenningar på byen
so avtal møte på KAFFISTOVA til B.U.L. på Torget, eller i GRILLSTOVA, C. Sundtsgt. 18.

Skal du ha ei hyggjestund med slekt eller vener
so er matsalen i Hotell Hordaheimen rette staden. Hordaheimen tek og mot bryllaup, konfirmasjon o. l.

Skal du ha ein «stor dag» heime
og vil kjøpa ferdige smørbrød so får du dei aller beste på Kaffistova og Hotell Hordaheimen.

M e r k! Skuleungdom får moderasjon på middag på Kaffistova, Torget 1.

Lagsbruki til Bondeungdomslaget i Bergen L/L

Administrasjonskontor: Cort Piilsmau 7.

Telefon 23 10 67.

Studienemnda

Styremedlemer: Kåre Vierdal, Kari Årbakke (nå bortreist), og Terje Aase.

Nemnda hadde planer om å setja i gong ein eller fleire brevringar i haust, men på grunn av liten oppslutnad på lagsmøta vart planane ikkje sette i verk. Altså: liten aktivitet i studienemnda dette året.

"Sunnabu"

Hyttestyret veit å fortelja at 1972 har gått stort sett som åra før på "Sunnabu". Ein kunne nok sett at endå fleire nytta hytta, men stort sett har der også i år vore jamt bra med overnattingar.

Det har dessutan vore brønngraving, med dugnad i opptil fleire etappar. Vatnet er ennå ikkje endeleg testa, då dette fyrst kan skje når dei for alvor tek til å "gjera noko" på Fjellhytta.

Ein har lagt inn vassleidning, utan at ein dermed har klart å lokka vatnet inn, men det skal nok koma når ein berre får retta ein mindre teknisk feil. Arne har laga "hus" til ved og kjelke o.a., og elles har ein også i år saga ved, vaska opp, tømt do og hatt det hyggjeleg. Det er berre å vona at endå fleire tek turen til lagets aktivum nr 1, "Sunnabu" i året som kjem.

Styret har i år vore: Sigurd Heggelund (formann), Gunnbjørg Skålevik (kasserar), Oddvard Haugsbakk, Kjell Matre og Solbjørg Tveita Heggelund.

"Sunnavind"

Lagsbladet har i årgang 1972 kome med 14 nummer i eit opplag på 120, samla sidetal ca 40. Dette er dei tørre tal. Lat oss vona at ikkje alle sidene har vore like tørre.

Den redaksjonelle line har vore å bakka opp lagsaktiviteten på alle vis: reklame for møte og festar, for særlaga og for hytta, referat frå store hendingar i laget og lokalnytt frå Sunnhordlandsbygdene. Dette har vi blanda med lyrikk, godbitar og sladder. I nokon grad har vi freista leggja press på tillitsmenn og andre til å starta nye aktivitetar, nye tiltak. Leikarringen og "Sunnabu" har i nokon mon fått særhandsaming, kanskje burde fleire fått det. Ingen injuriesaker - ikkje så mykje som ein fornærma medlem har vi sett dette året. Kanskje har vi vore for tannlause? Skrivekløe har ikkje nettopp medlemene - men nokre få må honorerast for frivillige innlegg: Aase Liv, Sigmund, OK og Stora Kråko.

Redaksjon har vore: Marit Håland, Marie Åserød, Hans Heie og Lars Olav Tveita.

L.O.T.

Teateret (Den Nationale Scene)

Vi har i 1972 halde dårleg kontakt med Teatersentralen, og det er å vona at dei felles teaterkveldane for lemene i laget kjem i stand att i 1973.

din bank


I SENTRUM AV BERGEN OG VESTLANDET

FILIALAR:

Bergen Busstasjon — Eikeviken
Inndalsveien — Landås
Paradis — Smiberget, Fyllingsdalen
Strandgaten

AVDELINGSKONTOR:

HOVUDKONTOR. Rådstuplass 3 — Bergen
Arna Privatbank, Ytre Arna — Indre Arna
Askøybanken, Kleppestø — Ask — Follese
Sunnhordlandsbanken, Stord
Vestlandsbanken, Florø
Vestlandsbanken, Knarvik, Isdalstø
Vestlandsbanken, Os
Vestlandsbanken, Osterøy, Lonevåg
Vestlandsbanken, Sogndal



VESTLANDSBANKEN

Boktrykk, Bergen